TEATER VESTLAND

# 100
# SONGAR



## 100 SONGAR

**Eit kjærastepar flørtar med kvarandre, og ei kvinne kjem springande for å rekke toget. På stasjonskafeen skiftar musikken frå «Don't Dream It's Over» til «Bette Davis' Eyes», og gjennom glasruta møter servitør Sally blikket til ein framand. I det same glepp ein kopp ut av hendene på henne. Den går i knas mot golvet, og verda står i brann.**

«100 songar» tar for seg ein periode på fire minutt og fire sekund, frå folk stimlar saman på perrongen klokka 08.51, og til toget går opp i flammar like etter at det har forlate stasjonen klokka 08.55.

Til ein rytmisk struktur av ulike songar blir historia snurra tilbake til minutta og natta før det smell. Dei reisande fortel om livsviktige møte som dei har hatt, om draumar og om songane som får dei til å nynne i morgontrafikken. Alle har sin eigen melodi på leppene, fram til klokka blir fem på ni, og stemmene deira eksploderer i ein kakofoni.

«100 songar» er eit rekviem som handlar om døden, men snakkar om livet. Roland Schimmelpfennig løftar fram historiene til ei rekke tilfeldig forbipasserande. Han er utan tvil ein av dei mest tonegivande dramatikane i vår tid og vert spelt over heile verda.

AV **ROLAND SCHIMMELPFENNIG**
OMSETJING **TOVE BAKKE**
REGISSØR **TERJE SKONSENG NAUDEER**
LYSDESIGN **KRYSTIAN MYSKA**
LYD **ROBERT TOMKIEWICZ**
KOSTYMEANSVARLEG OG REKVISITØR **SYNNØVE RINGDAL**
COLOMBINE TEATERFORLAG

MEDVERKANDE **IDUN LOSNEGÅRD, IRENE WAAGE, JON KETIL JOHNSEN, KYRRE EIKÅS OTTERSEN, PREBEN LILLEBØ RONGVE** OG **REIDUN MELVÆR BERGE**

21g062321

## TURNÉPLAN

21. februar kl 19.00
**FØRDEHUSET, TEATERSALEN**

22. februar kl 18.00
**FØRDEHUSET, TEATERSALEN**

25. februar kl 19.00
**NORDFJORDEID, VALHALL**

26. februar kl 19.00
**MÅLØY, NORDFJORDHALLEN**

27. februar kl 19.00
**SANDANE, AULAEN FIRDA VGS**

28. februar kl 19.00
**INNVIK, STYRKHALLEN**

29. februar kl 18.00
**SOGNDAL KULTURHUS**

3. mars kl 19.00
**HØYANGERHALLEN**

4. mars kl 19.00
**VIK, BLIXHALLI**

5. mars kl 19.00
**ÅRDAL KULTURHUS**

6. mars kl 19.00
**VOSS, GAMLEKINOEN**

7. mars kl 18.00
**ODDA, LINDEHUSET**

9. mars kl 19.00
**KULTURHUSET HUSNES**

10. mars kl 19.00
**BØMLO KULTURHUS**

12. mars kl 19.00
**DALE, FJALERHALLEN**

13. mars kl 19.00
**FLORA SAMFUNNSHUS**

14. mars kl 18.00
**FØRDEHUSET, TEATERSALEN**

Framsyninga vert spelt i Teater Vestland sin «Blackbox» der det er 60 sitjeplassar på kvar framsyning.

---

**BILLETTAR** teatervestland.no
**GRUPPESAL** 909 90 600

**med atterhald om endringar*

100 songar : av Roland S
21g062321

TEATER VE

TEATERÅRET 2020


Foto: Rakkar/Espen Nyttingnes

## MARIA, JESU MOR – PÅSKEEVANGELIET
13. mars – 18. april

Det er klart for den siste monologen i trilogien om Messias, skriven av Håvard Rem. Denne gongen er det Maria, Jesu mor, som har ordet. Vi møter ei mor som dagen i forvegen har sett sonen sin døy på korset. Ho minnest opprøret på tempelplassen, det siste måltidet og ikkje minst innmarsjen til Jerusalem, der tusenvis tok imot han.
«Maria, Jesu mor - Påskeevangeliet» blir vist i ei rekke kyrkjer fram mot påske og inn i den stille veka.

## VESTLAND, VESTLAND
28. august – 24. oktober

I dette humoristiske teaterstykke, skrive av Finn Tokvam, får publikum vite ein heil del om Sogn og Fjordane og Hordaland som dei sikkert alltid har lurt på, og ein heil del som dei ikkje visste at dei lurte på. Kva skjedde på Gulatinget? Låg dei tyske keisarane med damene på S-laget? Går det an å flørte i dalatrekk? Er det trist når nabosvinet døyr? Kva har skjedd og kor er vi på veg? Kort sagt: Kven er vi? «Vestland, Vestland» er produsert av Teater Vestland og Det Vestnorske Teateret.


Foto: Thor Brødreskift


Foto: Rakkar/Espen Nyttingnes

## FRAKT UNDER HAVET
30. oktober – 28. november

Arthur Miller har skrive denne store amerikanske klassikaren frå 1950-talet. Eddie Corbone nyt stor respekt i nabolaget og på arbeidsplassen. Saman med kona Beatrice har han oppdratt niesa hennar, Catherine. Eddie er ein overbeskyttande far, noko som for alvor kjem til overflata då familiekjenningane Marco og Rodolpho kjem ulovleg til landet, og familien tar på seg risikoen med å huse dei. Catherine og Rodolpho forelskar seg i kvarandre. Ulike kulturar kolliderer, og det utløyser angst og hat. Situasjonen endar med drap.

**BILLETTAR:** www.teatervestland.no
**GRUPPESAL:** tlf 909 90 600

**FØLG OSS PÅ:**

**med atterhald om endringar*

2020 / Grafisk: Univerket · Trykk: Printfarm